



ÅRSMELDING

VOLDA HANDBALL 2025

STYRET

Førre årsmøte valde følgjande styre;

Arild Bakke	styreleiar
Arne Steinsvik	nestleiar
Espen Stray Helle	styremedlem
Anette Lekve	styremedlem
Therese Moltudal	styremedlem
Andreas Arnevik	styremedlem
Idun Bakke Liaskar	styremedlem
Lars Halvorsen	varamedlem
Mathilde Brekke	varamedlem
Liv Kari Krøvel	varamedlem

Ansvarsfordeling blant styremedlemane:

Therese Moltudal	- arrangementansvarleg
Arild Bakke	- Volda Handball Elite
Andreas Arnevik	- sportsleg leiar, bredde
Espen Stray Helle	- sponsoransvarleg
Arne Steinsvik	- strategiansvarleg
Idun Bakke Liaskar	- økonomiansvarleg, budsjett
Anette Lekve	- bredde

TILSETTE

Linda Engjaberg er tilsett som dagleg leiar i 50% stilling. Ho jobbar på kontoret i VCA. Har hovudansvar for den daglege drifta, arrangementansvarleg bredde og «køyrelister» for alle arrangement, dommaransvarleg og oppfølging av elite. Oppfølging av dugnadar, materiell og utstyrsoppfylgingar. Har oppfylginga inn mot Toppbandball, NHF region nord og NIF

Reidar Møistad er tilsett i 100% som trenar for 1.divisjonslaget. Han har også ansvar for Sunnmørsløftet

Første halvdel av 2025 var Thomas Reeh tilsett som trenar for 2.divisjon, assistenttrenar for 1.divisjon og ansvarleg for akademiet. Thomas gjekk vidare til nye utfordringar i Glassverket handball etter avslutta serie.

Til sommaren vart Mathias Nævestad tilsett i 60% stilling som trenar for 2. div. Han har ansvar for Akademiet, Sunnmørsløftet og er spelarutviklar for aldersbestemte spelarar.

Turid Mork Bakke, Jan Helge Løseth og Jakub Dworaczyk har hatt noko lønnskompensasjon for trenararbeidet dei har gjort for klubben.

Hausten inngjekk klubben eit samarbeid med Play Handball ved Jon Arne Kamsvåg der avtala mellom anna var å bidra til å heve arrangement i klubben

Damespelarane på elitelaget har mange mindre proffkontraktar. Hannele Nilsson, Dana Gudmundsdottir, Sofie Stokkendal Poulsen, Mie Blege Stensrud, Helga Pedersen Lersveen og Natasja Kyndesen er tilsette i større stillingskontrakter.

MØTEAKTIVITET

Det er helde 13 styremøter i 2025. Prosjektmøte er også i år helde etter behov, og sakene er rapportert inn til styret.

AKTIVITETAR KLUBBEN HAR ARBEIDD MED

- Vi arrangerte for aller første gong Volda-cup oktober 2025. Det tek tid å etablere ein større cup, men det var likevel veldig mykje handballglede i hallen den helga
- Sunnmørsløftet med tilbud om treningar til spelarar frå heile søre Sunnmøre i alderen 12-14 år
- Akademiet, tilbud til spelarar i Volda og Ørsta som ønskjer ekstra treningstilbud
- Keepertrening for aldersbestemte lag
- Spelarane på 1.divisjon har hospitert på aldersbestemte lag
- Gjennomført lagsdugnader. To loddsal og to salsdugnader. Desse er viktige bidrag til økonomien i klubben.

Det har vore lagt ned eit stort arbeid opp mot sponsorane og klubben har fleire engasjerte sponsorar. Mange kontrakter står for nysignering og det usikkert kor mange vi har med vidare. Dei største sponsorane har signert kontrakter for 3 nye år og det gir ei trygghet i det vidare arbeidet for klubben. Klubben har delt inn sponsoravtalane i ulike nivå, men der fleire sponsorar har valgt ein kombinasjon av profilering inn mot både Elite og Breidde. Klubben har i dag avtaler med nærare 70 samarbeidspartnarar.

Generalsponsor: Sparebanken Møre

Hovudsponsor: Tussa Kraft AS

Elitesponsor: Rotevatn Trafikkskole AS, Volda Kiwi, Ørsta Bil AS, Egset Ventilasjon AS, Hummel og NOG

Klubbsponsor: Intersport Volda, Studentsamskipnaden, Furene AS, Møbelringen, Aurstad AS, Vartdal Plast og Koppen Industrier AS

Entusiastsponsor; Fleire bedrifter sponsar klubben i form av skilt i hallen og/eller digital reklame på storskjerm.

Utstyrsleverandør: Hummel

SPORTSLEG

Vi melde på desse laga til sesongen 25/26:

Laga våre ; Damer Elite og NM-senior, 2. div og 4.div

I tillegg J 15, J14, J 13, J12 (2 lag), J10, J 9 (2 lag), G9 og G14

I tillegg har vi treningsgrupper for 7 og 8 år

Klubben har tilbod om allidrett for barn i alderen 5- 8 år

Vi har partnerklubbavtale for dame senior med Ørsta IL og Godøy

Klubben kunne denne hausten tilby gratis treningstilbud for aldersgruppa 6-9 år, dette takka vere Sparebanken Møre

Laga våre;

Våren 2025 spelte 1. div kvalik for opprykk, men laget tapte og fortsette i 1.divisjon

I NM var Volda ute etter andre runde mot Molde.

Andrelaget klarte å behalde plassen i 2.divisjon.

Tredjelaget gjekk frå 5.divisjon til 4.divisjon sesongen 2025/26

For dei aldersbestemte laga har det vore mange kjekke kampar og arrangement i VCA. Det varierer med tap og sigrar, og stemninga er jamnt god.

Trenar; Alle lag har vaksne/ungdommar som trenarar. Fleire foreldre er trenarar eller hjelpetrenere, i tillegg til dei som er tilsette. Denne sesongen har det vore for det mest foreldretrenarar. I tillegg er det fleire lag som har trenarar frå damelaget

Treningstidene er 2-3 timar til dei eldste, og 1 time for dei yngre.

Dommarar: Klubben hadde i 2025 få dommere som kan dømme lag over 14 årstrinnet, vi lånar frå andre klubbar, men har 3 eigne. Det vert jobba med kursing og rekruttering, og Linda Engjaberg er dommaransvarleg for klubben.

Det er planlagt kurs, men må avvente til dommerane er gamle nok til å ta kurset

Vi har hatt 3 samlingar for dommerane i 2025

Klubben har 5 trinn 1 dommarar og 11 dommarar i barnehandball.

Talentspelarar; Klubben har mange talentfulle spelarar. Styret vil fortsette å jobbe med rekrutterings- og utviklingstiltak. Fleire har vore med på SPU-samlingar, og spelarar i klubben har vore med på regionale samlingar.

ØKONOMI

Når det gjeld økonomi syner rekneskapen eit underskot i 2025. Vi viser til årsrekneskapen for 2025 for Volda Handball.

OPPSUMMERING

Klubben har 297 aktive medlemmar. Av desse er 266 spelarar.

Dette er tala vi får fram i NIF sine rapportar.

Økonomisk har Volda Handball gått med underskot denne sesongen. Vi held fram med å finne aktivitetar som kan gi inntekter til klubben.

Volda Handball rettar ei stor takk for positiv støtte til sponsorar, trenarar, spelarar, støtteapparat, foreldre og eit aktivt styre.

For styret i Volda Handballklubb

Volda 18.03.2026

Arild Bakke

styreleiar

Arne Steinsvik

nestleiar

Therese Moltudal

styremedlem

Idun Bakke Liaskar

styremedlem

Espen Stray Helle
styremedlem

Andreas Arnevik
styremedlem

Anette Lekve
Styremedlem

Linda Engjaberg
Dagleg leiar